



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark

Ikkje møtt: Hans Erik Waage (ikkje meldt forfall, varamedlem ikkje innkalt)

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 01/21 – 04/21

F 01/21	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 01.12.2020
Vedlegg	Møteboka frå 01.12.2020 Innkallinga til møtet 02.02.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 02/21	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Status for rekneskapsåra 2016 – 2018• Ny ordning med fakturering

F 03/21	FRITAK FOR VERV (IKKJE OFFENTLEG)
	<p><u>Bakgrunn:</u> Det er komen søknad frå Grete Herøy om fritak frå vervet som medlem i soknerådet/fellesrådet. Søknaden gjeld 2021. Grunngevinga er helseutfordringar.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Grete Herøy får fritak som medlem av soknerådet for året 2021.</i></p>
Vedtak:	Grete Herøy får fritak som medlem av soknerådet for året 2021.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

F 04/21	GODKJENNING AV GRAVPLASSVEDTEKTENE (justert versjon)
Vedlegg: Justerte gravplassvedtekter	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>I f-sak 09/20 godkjente soknerådet gravplassvedtekter for Fedje Sokn. Vedtektene vil likevel ikkje vera gyldige før dei er godkjent av klageinstansen. Før nyttår var det bispedømerådet som hadde denne funksjonen. Etter 1. januar 2021 er det statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som har overtatt desse oppgåvene for alle gravplassforvaltningane i heile landet.</p> <p>Vedtektene vart sendt inn til bispedømekontoret seinhaustes, med håp om endeleg godkjenning av bispedømerådet før nyttår. Vi fekk likevel vedtektene i retur med krav om å gjera ein del formelle endringar. Dette er no gjort og retta opp i, med bakgrunn i dei konkrete tilbakemeldingane. Gravplassvedtektene vert med dette tatt opp igjen til ny handsaming i justert versjon.</p> <p>Etter nytt vedtak i fellesrådet vert vedtektene oversendt statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje sokneråd vil med heimel i gravplasslova § 21 godkjenna gravplassvedtektene for Fedje sokn. Med atterhald om endeleg godkjenning er vedtektene gjeldande frå 1.april 2021.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd vil med heimel i gravplasslova § 21 godkjenna gravplassvedtektene for Fedje sokn. Med atterhald om endeleg godkjenning er vedtektene gjeldande frå 1.april 2021.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark

Ikkje møtt: Hans Erik Waage (ikkje meldt forfall, varamedlem ikkje innkalt)

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 01/21 – S 05/21

S – 01/21	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 01.12.20
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 01.12.2020 Innkallinga til møtet 02.02.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 02/21	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">Felles komite for gudstenesteordninga (Austrheim og Fedje)

S 03/21	VAL AV LEIAR
	<u>Bakgrunn:</u> «Reglene om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet» § 1 (Barne og familiedepartementet) slår fast at det 1 gong kvart år skal veljast leiar og nestleiar blant rådet sine medlemmer. Ifølgje reglane skal valet vera skriftleg.
Vedtak:	Leiar: Anna Marit Storemark. Einstemmig vedteke.

S 04/21	VAL AV NESTLEIAR
	<u>Bakgrunn:</u> Sjå førre sak.
Vedtak:	Nestleiar: Tone Sævi. Einstemmig vedteke.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 05/21	MØTEPLAN VÅR HALVÅRET 2021
	Vi har sett opp følgjande framlegg til møteplan for komande halvår: Soknerådet: <ul style="list-style-type: none">• Tirsdag 02. februar• Tirsdag 16. mars• Tirsdag 04. mai• Tirsdag 15. juni
Vedtak:	Møteplan for komande halvår vart vedteke slik den ligg føre med følgjande møtedatoer: <ul style="list-style-type: none">• Tirsdag 02. februar• Tirsdag 16. mars• Tirsdag 04. mai• Tirsdag 15. juni

S 06/21	EVENTUELT
	Utsetjing av årets konfirmasjon Rune Minde og soknerådsleiar er samd om at dei ønskjer å gjennomføre konfirmasjon på fastsatt dato i mai. Informasjon ut til foreldre ca. 20. mars. Ingen vedtak. <i><u>Etter møtet ble det etter anbefaling frå biskop og prosti bestemt at årets konfirmasjon vert utsett til 28. august kl. 12.00.</u></i> <i><u>Dette vart og tatt opp med soknerådsleiar.</u></i> Konfirmanthelg Stor usikkerhet om ein kan samle alle kohortane. Alternativt opplegg for konfirmantane på Fedje er Fjon 16.-18. april. Marianne Minde, fagkonsulent i Crux Informerte om Crux sitt arbeid med rekruttering av fosterheim. Er det nokon i soknerådet som kunne tenkje seg/eller har forslag til kandidater?